

NYHEITER FJALER VINDKRAFT

Fekk enorm motstand på grunneigarmøte. - Reis herifrå og vis dykk ikkje meir



MØTE: 50-60 grunneigarar og andre interesserte tok turen til grunneigarmøtet frå Zephyr på Yndestad gard. Foto: Ivar Bruvik Sætre

Av [Ivar Bruvik Sætre](#)

30. oktober 2019, kl. 17:26

Det blei amper stemning då Zephyr heldt grunneigarmøte om vindkraft på Yndestad gard.

ANNONSE

DEL

f

...

– Eg oppfordrar dykk til å pakke sekken dykkar, reise stille og roleg og aldri vise dykk her meir.

Utsagnet kom frå ein av grunneigarane som tok turen til Yndestad gard på tysdag, der Zephyr heldt grunneigarmøte om vindkraft-ambisjonane sine i Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger.

Protesterte allereie før møtet

At både grunneigarar og andre frammøtte var imot vindkraft i nærområda sine var det liten tvil om. Allereie før møtet starta stod grunneigarar og andre klare med refleksvestar på og ein diger banner med den klare beskjeden «Nei til vindkraft!»




UTANFOR: Før møtet starta stod deltakarane klare med denne budskapen. Foto: Ivar Bruvik Sætre

Idet møtet tok til fortalde prosjektleiar Johnny Hansen i Zephyr at pressa, i form av Firda og BT, berre fekk vere til stades under ein avgrensa del av møtet. Han påpeika også at andre enn grunneigarar hadde møtt opp, noko som visstnok ikkje var meininga.

Då truga fleire av grunneigarane med å pakke i hop og reise med ein gong, dersom ikkje alle fekk vere til stades gjennom møtet.

Etter nokre raske ord med sine sidepersonar, snudde Johnny Hansen og lét alle få vere på møtet.



LES OGSÅ
Zephyr-sjefen: - Eg må innrømme at det gjer inntrykk

Hagla inn kritikk

Deretter tok ein av grunneigarane ordet og argumenterte for at vindkraftprosjektet var graverande. Johnny Hansen minna då om at Zephyr ville køyre sin eigen presentasjon først, før ein starta å diskutere. Dette skulle vise seg å bli vanskeleg.





ENGASJEMENT: Det var mange hender i vêret og mange som snakka utan å ha handa i vêret under møtet. Foto: Ivar Bruvik Saetre

– Du er like arrogant som du var førre gong, sa ein av dei frammøtte, og sikta til [møtet med BKK og Zephyr på Yndestad gard i mai](#).

Trym Christensen i Zephyr gjekk så i gang med ein presentasjon av informasjon om Zephyr, prosjektporteføljen deira, argument for landbasert vindkraft, klimagassutslepp og slikt.

Han blei etter kvart heftig avbroten av tilskodarar som hadde sett dette før, og som ikkje var einige med innhaldet som blei presentert. Christensen og co. måtte etter kvart skumme gjennom presentasjonen.

Såg ut til å ha trua

Mange diskusjonar kom opp, alt frå den økonomiske kompensasjonen for grunneigarar, raudlista fuglar i fjellområda, klimavennlegheit. Opp i alt var det tydeleg at alle dei frammøtte var imot vindkraftutbygging i kommunane sine.

Fleire kommunestyre har også uttrykt misnøye mot vindkraft, mellom anna [Gaular](#), [Askvoll](#) og [Høyanger](#). Kritikkk frå kommunar har etter kvart ført til at regjeringa har [skrinlagt NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land](#).

Zephyr-gjengen skal ha for korleis dei stod i stormen, og verka optimistiske for vindkraft på land trass kritikken.

– Det er myndigheiter høgare enn kommune som avgjer dette. Desse planane er regionale, store prosjekt langt over kommunenivå, som NVE og til slutt departementet skal avgjere.





FRÅ ZEPHYR: Trym Christensen, Ingunn Øystad og prosjektleiar Johnny Hansen. Foto: Ivar Bruvik Sætre



OPPMØTE: Det var fullt i lokalet på Yndestad gard i Guddal. Foto: Ivar Bruvik Sætre



Les meir om: [Nyheiter](#) [Ejaler](#) [Vindkraft](#)

Sjå kommentarar


Fleire saker



Tok ungdommar som dreiv hærverk på fersken



Meiner ny veg er farleg: - Vi har ingen barn å miste





Alice (19) blei kontakta av produsent etter The Voice: Resultatet blei ny låt




Gründersenteret får nye oppgaver og nytt namn: - Veldig kjekt at vi blir satsa på



Frustrert etter tap. - Vi hadde alt for mykje respekt for Flint

Kommentarer til denne saken



Til toppen

- Firda Nett blir samla inn og lagra av Nasjonalbiblioteket regelmessig. Nettavisa vil bli gjort tilgjengeleg som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.